

Dal nedre (gnr. 169)

Dalgardane.

Dei tri gardane Dal øvre, Dal nedre og Øvstedal har sikkert vokse fram av ein og same opphavsgarden. Kvar denne opphavsgarden låg, kan ingen seia heilt visst, men fleire ting tyder på at han låg på Øvre Dals grunn. Det er iallfall dette Dal som først vart dyrka fram til å bli ein stor gard. Med stor meiner vi her den utvikling at han vart rekna i gruppa for "fulle" gardar. Denne utviklinga hadde ein del av Dalgardane nådd tidleg på 1500-talet. Vi finn han ført blant dei 34 av Fåberg-gardane som i 1528 betalde den ekstra sølvskatten som er kalla Gjengarden. Namnet på garden vart da skrivi Dall, og brukaren heitte Hollin. Han var ein av dei som svara skatten med 1 lodd sølv, som m.a. John Jørstad og Jens Hovin.

Tretti år seinare finn ein nemnt to Dalsgardar, og Mats i Dalen svara ein bukk i forsikringsskatt, men Oluf i Dalen svara eit får. Tri år seinare er Mats kalla Mattis. Han hadde da vore med i eit slagsmål og brukt hamar, men fekk ei bot på ½ dalar for det. I lista over den ekstra bygningsskatten av 1594 er det derimot atter nemnt berre ein gard Dall, og den betalde skatten i gruppa for fullgardar. Av lista over tiendekorn for 1604 får ein derimot greie og gode opplysningar. Av Dalgardane er da den eine kalla Nerdall og den andre Dall, og båe svara tienda med 2 ½ td bygg som t.d. Reistad og Ulland. Her i lista over tiendekorn 1604 finn ein og "Øffstedall", som betalde tienda med 1 ½ td. bygg. I ei skatteliste av 1610 er det elles det merkelege at den eine av Dalgardane er kalla "Bøntedall". Det er eit spørsmål om det ikkje før hadde vore ei kvinne med namnet Bente eller Bønthe som hadde brukt dette Dal. Men i 1610 var det ikkje, for da heitte brukarane både på Øvstedal og båe Dalgardane Jon. Om den eine av desse Jon-karane på Dal i Fåberg er det elles i 1624 fortalt at han også var stor odelseigande bonde. Han åtte da forutan jordegods av skyld 10 ½ skinn i Dal også 3 ½ skinn i Kurud i Fåberg, 3 ½ skinn i Berge i Øyer, 3 skinn i Nordrum og 1 skinn i Rottås i Ringebu.

I 1624 hadde, som det såg ut for, Oluf Breiset døydd av dei såra han hadde fått under eit slagsmål med kniv, men saka var nok meir innfløkt enn som så. To år seinare vart det derfor vald 11 lagrettesmenn til å granske denne saka nærare, og blant dei var både Jon Dal, Peder Dal og Oluf Øvstedal.

Frå kring 1660 er det fleire opplysningar å finne om gardane: Brukarane på Dal heitte da Tore og Peder, dessutan er Morten Dal nemnt ved sida av Kristen Øvstedal. Husdyrhaldet på gardane var i den tid størst hos Kristen Øvstedal, som hadde 1 hest, 3 hopper, 16 naut, 10 sauer og 2 griser. Av dei andre hadde Morten Dal 1 hest, 2 hopper, 12 naur, 16 sauer og 1 gris. Samtidig var det hos Tore Dal 1 hest, 2 hopper, 11 naut, 18 småfe og 1 gris, og hos Peder Dal: 2 hopper, 9 naut, 14 småfe og 1 gris. Det store hoppehaldet kunne tyde på at dei alle dreiv hestealnad, men dette er likevel ikkje så visst, da det i den tid var fleire hopper enn hanhestar på mest alle litt større gardar i Fåberg.

Om brukarane sjølve åtte gardane sine, går fram av odelsmannsmanntalet, også frå 1657. Det kan fortelja at Morten Dal sjølv åtte jordegods i sin gard for 2 huder; Tore eide for 1 ½ hud i sin, og Peder Dal for 1 ½ hud i sin gard.

Åtte år seinare er det i 1665 opplyst at det fulle namnet til Tore var Tore Jonsen Dal, og at garden hans heitte Øffre Dahl. Tore var da 63 år og hade ein son som heitte Håken. Han var 30 år og nett da ferdig med militærtjenesta. Det er elles fortalt at det i den tid var 2 husmenn på garden: Halvor, 56 år, og Jacob Olufsen, 24 år. Den samla skylda av Øvre Dal var da 3 huder, og garden vart ført i gruppa for fullgardar. Under "Halfve Gaard" finn ein elles oppført: Dal,

skyld 2 hd., med Morten Mortensen som brukar, og Øfstedal, skyld 2 hd. 2 skn., med Syver Olsen som brukar. – Morten Mortensen var da 60 år og hadde 2 søner: Peder 18 år og Morten 15 år. Syver Olsen på Øvstedal var 44 år og hadde ein tenestkar, Nils Olsen som var 42 år, som truleg var hans eigen bror. Ein annan husmann ved Øvstedal var Eilert Gregorisen, 21 år. Etter desse felles opplysningane går vi over til å sjå litt nærare på kvar gard for seg.

Dal Nedre

Dal nedre vart tidleg både i skrift og tale kalla Nerdalen. Ved matrikuleringa i 1668 vart landskylda av Dal nedre sett til 2 huder eller 3 pund smør, og garden vert etter det å føre i gruppa for ”Halve gardar”. Brukar på garden var da Morten Mortensen. Om garden Dal nedre er det elles fortalt at enga, innmarka var god og at meir kunne dyrkast. Det var skog til gards bruk og seter og sommarbeite åt krøtera på Hoknesetra. Buskapen av store husdyr var da 3 hestar og 12 naut, og korntianda vart uttreidd med 2 tdr., som altså svara til ei årsavling på 20 tdr. truleg einast bygg. Det er elles opplyst at det var ein humleuhage på garden, noko som kan tyde på at Nedre Dal var ein heim der det ofte vanka gjester, og der det burde vera øl til maten.

I 1681 er det fortalt at Morten Dal hadde slekt på Prestrud. Bror hans, Peder Prestrud, overdrog da odels- og åsetesretten sin til ”Nedre Dal i Fåberg” til den yngre bror sin Morten Mortensen. Dette skulle elles ikkje gjelde fullt og heilt før enn om 9 år, men i mellomtida skulle Morten, utan å eige nokon landslott, ha rett til ”2 åfløyer lagesildfiske”. – Fire år seinare fekk Morten samsøskenskjøte frå brørne sine Peder, Oluf, Torgeir, Kristen, Hans, og Vilhelm Mortenssøner og Anne, Gunnel, Sigrid, og Mari Mortensdøtre på ”2 huders gode i Nedre Dalen i Fåberg”. Skjøtet vart tinglese på Mælum i Fåberg 29. april 1684.

Morten Mortensen slo seg likevel ikkje til i Nerdalen for alltid. Han flytte til Skjeggestad, og brorson hans, Arne Pedersen, tok over Dal nedre. Han var født i 1673 og var gift 2 gonger, først med Goro Torsdtr. og så med enka i Sorgendal, Anne Lisbet f. Cople.

Arne Nedre Dal var framleis brukar på garden i 1714. Det var da ei stor rettssak mellom Øvre Dal og Nedre Dal i Fåberg, og denne saka er i utskrift av tingboka referert slik:

”Dal i Fåberg.

14. april 1714.

Sak mellom Øvre Dal og Nedre Dal i Fåberg.

Retten satt i en løvhytte neden og norden for Øvredal. Tilstede var lensmannen Johannes Jevne fra Øyer, Hans Jacobsen Smidt, monsj. Johan Gidding på Vingnes o.fl.

Anders Dal har ved Johannes Jevne innstevnt Arne Nedredal for hans bruk av citantens eiendeler og havn i skog og mark.

Efter at diverse vidner fra bygge sider var hørt, inngikk Anders Øvredal og hans søn Torvald Andersen følgende forening med Arne Nedredal:

Det skal opprettes et gjerde fra en stor gran nordenfor Helbechen, nordover til søndre hjørne på Hole Haffelde og sydover til nordre side av Krinklehaugen ved Rundhaugen, derfra ned i berget og efter den gamle haffelde ned til vannet. Det stykke som såleis er inngjerdet skal tilhøre Nedredal, men de sveer som er innlagt der skal følge Øvredals besidder som også skal nyde skog til gjerdefang m.m. i det innhegnede stykke. Elles skal Nedredal nyde sitt sedvanlige bruk ubehindret, men fiskeriet tilhører Øvredal. Den øvrige skog og mark følger Øvredal. Ang. gjerdene i Galten og andensteds, forblir det som før. Øvredals mann har sin stenvelte nedenfor gården ved Galten ubehindret, dog så Arne Dal derved ikke tilføies noen skade på veien i Galten. Denne kontrakt skal holdes under en mulkt av 20 rd. til Chr.a fattighus for overtredelse og 20 rd. til den som holder sit løfte.”

Frå året etter er ei anna sak der Arne Nerdalen nær hadde mista garden sin på grunn av eit veddemål. Om dette har ei utskrift av saka denne ordlyden:

Fåberg 13. juni 1715.

Ingebredt Rørvig fra Ringebu har innstevnt Arne Dal fordi han forleden vår da de var ute på Mjøsen tilbød at de skulle sette opp hver sin gård om hvem av dem kunne legge den annen om kull på isen og Ingebredt formener å ha vunnet den annens gård efter ord og avtale. Innstevnte Arne Dal nektet å vite noe om ovenstående. Ingebredt Rørvig fremkaldte til vidner Peder Simenrud og Bjørn Flochstad. De hadde sett partene drages på isen men hadde ikke hørt om veddemålet.

Ingebredt Rørvig begjærte saken utsatt til neste ting.

Truleg var det under varekjøring frå Oslo denne hendinga hadde gått for seg.

Ni år seinare kom det nye matrikkelframlegget av 1723 med fleire opplysningar om gardane. Der er det om Nedre Dal fortalt at garden ligg i sollia, og at jordarten er god, men at garden er tungbrukt. Det var da skog nok til gards bruk, seter med god hamn og utslåttar til 1 lass høi. Den årlege høyavlinga var kring 30 lass, buskapen: 3 hestar, 16 naut og 14 sauer, og kornavlinga var omkring 35 tdr. bygg og litt rug. Det er elles fortalt at garden hadde kvern, men at ho vart nytta berre til eige bruk. Matrikkelkommissjonen gjorde framlegg om at landskylda av garden burde høgkast til 3 skinn.

Husmor på Dal nedre var i denne tid Goro Tordsdtr., men ho døde i 1733, og sonen Torger Arnesen, f. 1692, tok da over som brukar i Nerdalen. Kona hans, Kari Larsdtr., døde elles alt i 1739, og det var da atter skifte på Nedre Dal. Ved dette skiftet vart garden verdsett til 240 rd., og arvebuet utgjorde 490 rd. Arvingane ved skiftet var forutan enkemannen Torgeir Arnesen dei 5 borna i ekteskapet. Av desse var Arne da 15 år, Ole 13 år, Lars 10 ½ år, Goro 17 ½ år og Sessel 3 år. Mange år seinare går det fram at Sessel Torgersdotter f. 1736 var gift med tremenningen sin Lars Olsen Land. I 1747 overlet faren Torger Arnesen bruken av garden til eldste sonen sin Arne f. 1724, og Arne fekk da samtidig søskenskjøte på Nedre Dal av skyld 2 huder for 250 rd.

På 1750-talet er ein husmannsplass Dalsskogen under Nerdalen fleire gonger omtala. Det ser elles ut til at det minst måtte vera toplassar av dette namnet, og at den eine låg under Prestgarden. Frå 1757 er det nemleg ei sak mellom prosten Stochflet og husmannen Kristen Eriksen Dalsskogen. Saka som var framme på 2-3 ting, galdt arbeidsplikta for husmannen og er i utskrift referert slik:

Fåberg oktb. 1757.

Prosten Stochflet har innstevnt husmannen Christen Erichsen Dahlsskoven fordi han ikke har villet prestere det påbudte arbeide til prestegården for 1757 og fordi han har sagt til prosten at målet for husmennene i prestegården var for stort og at prosten fordret mer enn Kongens lov tilstår ham.

(Husmannen var ikkje tilstades, og saka vart så utsett på to ting, men vart 20. juni 1758 avgjort slik:)

Avsagt: Husmannen Christen Erichsen Dahlsskoven bør til neste ting gjøre prosten sin avbedelse for beskyldningen om å holde for stort åkermål og dessuten opprette citanten det efterstående skurmål og processens omkostninger med tils. 6 rd.

Frå dei same år er og ei utskrift av eit skifte visstnok frå den andre husmannsplassen Dalsskogen. Husbonden i heimen var død og skiftet var i samband med dødsfallet. Skiftebuet omrekna i pengar utgjorde brutto 22 rd. og netto 10 rd., og arvingane var forutan enka Ingebor Svendsdtr. dei 8 borna i ekteskapet. Av desse var sonen Ole "fullmyndig", Svend var 36 år,

Tore var 30 år og Tomas 28 år; av døtrene var Anne gift med Ole Smestuen, og Kari var g.m. Ole Dalhaugen, Eli var 20 år og Goro var 18.

På Nedre Dal var husbonden Arne Torgersen, som tok over garden i 1747, gift med Kari Jensdr. Øvstedal. Dei fekk 8 born. Det var: 1. Torger født 1748, 2. Beret f. 1749, gift 1777 med Kristen Sønstevold, 3. Jens f. 1752, g. 1781 m. Mari Olsdr., 4. Kari f. 1756, g. 1781 m. Ole Simenrud, 5. Rønnaug f. 1759, g. 1785 m. Kristofer Jonsen Gryte, Gausdal, 6. Ane f. 1764, g. 1790 m. Tore Simenrud, Flygstad, 7. Mari f. 1767, død 27/3 1775, 8. Ole f. 1762, . 1789 m. Aaste Larsdr. Bleken f. 1770.

I 1778 gav Arne Torgersen skjøte til eldste son sin Torger Arnesen og hustru Dorte Hansdr. på grd. Nedre Dal av skyld 2 huder for kjøpesum 799 rd.+ føderåd av grd. "Nerdalen" til foreldra.

Torger Arnesen f. 1748, var gift med Dorte Hansdr., dotter av Hans Sveinsen Forset og Aaste Kristofersdr. Prestrud, født i Øverdalen. Dei fekk 6 born. Det var: 1. Arne f. 1775, 2. Hans f. 1778, 3. Peder f. 1779, g. 1806 m. Kjersti Johnsdtr. Holme nordre, 4. Kari f. 1782, g. 1808 m. Halvor Pedersen Midt Jørstad, 5. Aaste f. 1784 g. 1805 m. Peder Syversen Prestrud, 6. Ole f. 1788.

Etter dette budde det ved folketellinga i 1801 tri familiar på Nedre Dal. Det var:

1. familie: 1. Torger Arnesen, husbonden, 52 år, 2. Dorte Hansdr., kona hans, 49 år, 3. Arne Torgersen, son deres, 26 år, 4. Peder Torgersen, son deres, 22 år, 5. Ole Torgersen, son deres, 13 år, 6. Kari Torgersdr., dotter deres, 19 år, 7. Aaste Torgersdr. dotter deres, 17 år, 8. Guri Kristofersdr., tenestkvinne, 44 år, 9. Mari Jensdr., tenestkvinne 11 år, 10. Anne Larsdr. legdbarn, 12 år.
2. familie: 1. Arne Knutsen, husmann med jord, 50 år, 2. Marit Jonsdr. Kona hans, 53 år, 3. Marit Arnesdr., dotter deres, 15 år.
3. familie: 1. Erik Gudmundsen, husmann med jord, 35 år, 2. Marit Larsen, kona hans, 42 år, 3. Anne Eriksdr., dotter deres, 12 år, 4. Marta Eriksdr. dotter deres, 7 år.

Året etter gav i 1802 Torger Arnesen og hustru Dorte Hansdr. skjøte til eldste sonen sin Arne Torgersen på grd. "Nerdahlen" av skyld 2 huder for kjøpesum 999 rd., men med det atterhald at ville han seinare selja garden, skulle han først by fram den til faren Torger Arnesen eller til søskena sine for 1600 rd. Samtidig gav så den nye eigaren av garden føderåd til foreldra sine etter kontrakt.

Arne Torgersen som da overtok Dal nedre, var gift med Kari Olsdr. Mælum og dei hadde 4 born. Det var: 1. Torger, f. 1804, 2. Dorte, f. 1806, g. 1829 m. Elias Olsen Skog, 3. Kristense f. 1812, g. 1832 m. Arne Olsen nedre Midt Jørstad, 4. Sessel f. 1808, 6. 1834 m. Simen Simensen Simenrud f. 1798.

I 1805 hadde husbonden Arne Torgersen fått ordna det slik at det var synfaring og takst av jordvegen og husa i Nerdalen. Jordvegen vart da taksert for 2500 rd. og bygningane for 300 rd. Fire år seinare gav i 1809 Arne Torgersen obl. til Jens Hansen Skjeggstad for lån av 1000 rd. mot 1. pr. pant i Nedre Dal av skyld 2 huder. Truleg skulle pengane brukast til nybygging og/eller restaurering av husa.

Husbonden Arne Torgersen Dahl f. 1775 døde elles alt 11. juli 1818. V ed skiftet i samband med dødsfallet vart Dal nedre da utlagd til enkja Kari Olsdr. med det atterhaldet å overlata garden til son sin odelsarvingen Torger Arnesen, når han fylte 22 år.

Året etter kom det nye matrikkelframlegget av 1819 med fleire opplysningar om gardane. Her det om Dal nedre fortalt at buskapen av store husdyr i den tid var 4 hestar og 22 storfe, og at den årlege kornavling var kring 70 tdr. Vidare er det opplyst at det da var 3 husmannsplassar til garden.

Torger Arnesen som skulle overta odelsgarden Nedre Dal når han fylte 22 år, gifta seg med Elisabet Johsdr. Bø, men ho døde alt i si første barnseng 22 år gamal. Ved skiftet på Nedre Dal i samband med dødsfallet, vart garden taksert for 1000 spd., og arvebuet utgjorde brutto 2069 spd. og netto 1037 spd. Arvingane i buet var forutan enkemannen den vesle dotter hans, Elisabet som hadde levd opp og fått namn etter mor si.

Åtte år seinare gav i 1835 Torger Arnesen skjøte til Ole Pedersen Bøe, og Kjøparen gav samtidig føderåd på garden til Torger Arnesen. – Ole Pedersen Bøe hadde elles ikkje Dal nedre meir enn i 7 år. Da gav han i 1842 skjøte på Nerdalen til Erik Engebretsen Nordhove. I hans brukartid på Dal nedre kom i 1865 den store jordbrukstellinga med mange nye opplysningar om gardane. Om Nedre Dal i Fåberg er det der fortalt at det samla jordbruksareal av åker, eng og seterlykkjer i den tid var 208 mål, og av dette var 100 mål jord av 1. klasse. Samtidig er det vidare fortalt at buskapen på Dal nedre med Volden var 5 hestar, 22 kyr, 13 sauer og 13 geiter, men dertil var det på husmannsplassane til garden til saman 7 kyr, 11 sauer og 9 geiter. Rekna på same måten var utsæden på sjølve garden: 1 td. rug, 4 tdr. bygg, 6 tdr. havre og blandkorn, 1 td. erter og 14 tdr. poteter, men dertil var det sådd og sett på husmannsplassane: 4 tdr. blandkorn og 4 ½ td. poteter.

To år etter vart ved ei skyldsetningsforretning i 1867 Baksetra av skyld 2 ort og 10 skl. fråskilt garden og skyldsett for seg.

Etter atter 19 år kom i 1886 den nye norske matrikkelen, og gardane vart tildelt nye gards- og bruksnummer og ny matrikkelskyld. Dal nedre fekk da gardsnr. 169 med ei samla matr. Skyld på 14,40 skyldmark, og det var enda berre eitt bruksnr. under grn. 169. Eigar og brukar her på Nedre Dal var da framleis Erik Engebretsen. – Alt året etter gav elles Erik Engebretsen Dahl, som han da er kalla, skjøte til son sin Tobias E. Dahl på grd. Dal nedre med Lund seter i Nordre Land for kjøpesum kr. 7.400 + føderåd av 5-årig verdi kr. 1.600 tilsm. kr. 9.000. Frå 5 år seinare er ei tinglyst skriftleg semje om opparbeiding av kjøreveg til Liumsetra i Gausdal Vestfjell. Frå 1908 er ei skylddelingsforretning der br.nr. 2 Dahlseterløyken av skyld 0,12 mark vart fråskilt hovudbruket gr.nr. 169 Dal nedre. Da var elles Tobias Dahl alt død, og enka Rønnaug Dahl overtok bruken av garden inntil vidare. Året etter kjøpte i 1909 Amund Arntsen brn. 3 Nerhaugen av skyld 0,70 mark, og i 1925 overtok så sonen på Nedre Dal, Kristian T. Dahl, brn. 4 Engjar av skyld 1,20 mark. Og her kjem så ei samantrengt soge om korleis ein ny gard kan bli til:

Gr.nr. 169, br.nr. 4 Engjar:

I 1925 kjøpte Kristian T. Dahl to nedlagde husmannsplassar unna nedre Dal, Øver-Enga og Ner-Enga. Han kjøpte og noe anna jord og fekk i stand eit bureisingsbruk. Same året kjøpte han og det gamle meieriet i Bakkom som stod på Mælum. Han kjørde det ned etter den nye Øverbygdsvegen som da var så noenlunde ferdig, men ikkje var opna for trafikk ennå. Meieriet vart stugubygning på Engjar, men med ei påbygd 2. etasje. Tømmermenn var Arnt Kopperud og Tor Stenseng, og stugubygningen vart ferdig til innflytting i 1925. I 1926 vart Øvstdalsvollen innkjøpt, og det same året bygde dei uthuset på Engjar. Øvstedalssetra vart kjøpt og lagd til garden i 1947, og i 1959 Dallerud skog på ca. 220 da. I 1962 overdro foreldra Engjar til eldste sonen sin Torgeir Dahl, og jordvegen var da: Jordet 20 mål, Øvstdalsvollen 13 mål, hamnehage 15 mål, seterlykkje 12 mål, dyrka jord i alt 33 mål og skog i alt 320 mål. På garden er eit pent skatoll som er laga av Arne Jørstad, nedre Midt-Jørstad, g.m. Kristine Arnesdr. Dahl. Dei var elles busett i Bræin. Vidare er det på Engjar eit ferdaskrin frå 1698, oppatt-pussa av Kathe Killèn. Ei kiste merka B.P.D. er frå 1727. Elles er her to blyantteikningar med stor portrettlikskap teikna av lensmann Kristian Jørstad. Den eine teikninga er av oldefar til Torgeir Dahl, Kristian Simenrud, som gifta seg til Torgersrud. Den andre teikninga er av Mathea Simenrud f. Dahl, dotter av Erik Hove som i 1842 kjøpte Nedre Dal.

Bureisarfolka på denne nye garden er Kristian T. Dahl og Marte T. Dahl f. Rustad på Rustadskogen. – Kristian T. Dahl f. 1897 har vore ein drivande arbeidskar, som har brukt si tid godt. Om det er Engjar som nå ligg og lyser i Dalslia det beste vitnemålet. – Om husmora Marte Dahl er det kjent at ho som ung jente tok ein sers god realskoleeksamen. Ho skal da ha vorte spurdt om ikkje ho ville lesa vidare. Men til det skal unge Marte ha svara at ho skulle bli gardkjerring. Og sjå det vart ho altså. Men Marte Dahl vil og vera godt kjend som ei skrivande husmor. Ho har gledd oss alle med sine velskrivne dikt og artiklar i t.d. ”Gudbrandsdølen”. Alle er så samde om at det ho skriv er så friskt og godt og interessant anten det er prosa eller poesi. Men noko av det mest sermerkte ved det ho skriv er likevel denne inspirerande undertone av kjærleik til og vørndnad for bondeyrket.

Borna av bureisarfolka på Engjar har alle man som går att i Dahls- og Rustadslekta. Det er: Tora, Rønnaug, Torgeir, Asbjørn, Lisbet Agnete og Torstein.

Torgeir K. Dahl f. 1929 som nå har overtatt garden, er gift med Wenche Bøhler, som er utdanna som sjukepleierske. Den nye brukaren har elles skaffa seg ein god utdanning for bondeyrket. Han er agronom frå Hove 1949, skogteknikar frå Hove 1950, tok til med planteskole i 1952 og vart tilsett i Fåberg som skogassistent i Mjøsen Skogeierforening i 1955. Han bygde seg sitt eige våningshus i 1960. Tømmermann Mathias Gutsveen.

Ved jordbruksregistreringa i 1939 var det forutan Engjar to bruksnr. under gardsnr. 169. Det var: Gr.nr. 169, br.nr. 1 Dal nedre der Erik T. Dahl framleis var eigar og brukar, og der jordbruksarealet av åker, hage og eng vart registrert til ca. 120 mål. Samtidig var Arne Strandheim eigar og brukar på br.nr. 3 Haugen nedre med eit tilsvarande jordbruksareal på ca. 15 mål.

I 1952 var Erik T. Dahl framleis brukar på br.nr. 1 Dal nedre Det produktive skogbruksareal vart da oppgitt til 659 mål.